

**Sakshandsamar:**Eli Nes Killingrød
E-post: eli.nes.killingrod@sfj.no
Tlf.: 57 65 62 81**Vår ref.**Sak nr.: 14/321-5
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**

14212/14

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 16.06.2014

**Finansutvalet 18. juni
på fylkeshuset****Budsjett 2015/økonomiplan 2015-18 Arbeidsdokument 3/14**

Fylkesrådmannen viser innleiingsvis til at fylkesutvalet 4.juni 2014 aksepterte at dette dokumentet vart utlagt 16.juni – altså kort tid før møtet 18.juni.

I dette arbeidsdokumentet vil fylkesrådmannen

- Gje ei kort oppsummering etter møtet i finansutvalet 2. april 2014.
- Gjere greie for hovudpunkta i kommuneproposisjonen og vise korleis driftsrammene våre for perioden 2015-19 vert påverka av endra føresetnader/nye saker
- Vise førebels salderingsutfordring og skissere korleis vi bør arbeide vidare med budsjett 2015 og økonomiplan 2016-19.

I det vi startar på noko som utan tvil vil vere den mest krevjande budsjett- og økonomiplanfasen i fylkeskommunen si moderne historie, vil fylkesrådmannen innleiingsvis tillate seg å trekke fram nokre køyrereglar han meiner må vere sentrale gjennom heile denne prosessen:

1. **Innbyggjarane sitt beste** må heile tida ha stor merksemd - det er dei vi er til for.
2. **Respekt for alle tilsette.** FT, FU, FIN og Frm må, som overordna arbeidsgjevarorgan, handsame alle tilsette med respekt. Vi må framstå som ein god og ansvarleg arbeidsgjevar.
3. **Følgje gjeldande lover og forskrifter** – i forhold til både innbyggjarar, brukarar og tilsette.
4. **Oppgåver kan vere lovpålagte – men sjeldan måten vi løyer dei på.** Organisering og strukturar er til vanleg ikkje lovregulerte, desse må vi vere budde på å gjere noko med.
5. **Tilstrekkeleg konsekvensutgreiing.** Alle reduksjonsforslag må vere tilstrekkeleg konsekvensutgreidde før dei ev. vert vedtekne.
6. **Planlegge/budsjettere realistisk.** Det må vere mogleg å gjennomføre alle vedtak om reduksjonar.
7. **Ostehøvelen er ikkje kraftig nok.** Vi må vere villege til å stille spørsmål ved både oppgåver og tenester.
8. **Brems og framleis litt gass.** Vi bør framleis prøve å ta vare på nokre vekstelement innafor våre samla prioriteringar.
9. **Sikre rett og nok kompetanse.** Vi må i den fasen vi no går inn i sikre at vi har nok strategisk kompetanse på økonomisk, juridisk og organisatoriske side.
10. **Betring av eksterne rammevilkår.** Vi må i fellesskap arbeide for å betre fylkeskommunen sine eksterne rammevilkår.



Fylkesrådmannen gjer merksam på at følgjande punkt i arbeidsdokumentet er

IKKJE OFF. (off.I. §23):

punkt 4.2 Utbytte

punkt 6.4 Realisering av verdier

punkt 9.1 Prisnivå på ny ferjekontrakt

Punkta er merka IKKJE OFF. i det utsende dokumentet og er sladda i den offentlege nettversjonen.

1 OPPSUMMERING ETTER MØTET I FINANSUTVALET 2.4.2014

Dette punktet gjev ei oppsummering av vedtaka i samband med handsaming av arbeidsdokument 2/14. Finansutvalet slutta seg i hovudsak til fylkesrådmannen sine tilrådingar.

Finansutvalet slutta seg til at:

- sluttsalderinga av økonomiplan 2014-17 vert teken inn som ein del av det økonomiske opplegget for komande økonomiplan
- innsparinga i 2018 på samla 25,8 mill. kr vert teken inn som ein del av det økonomiske opplegget for komande økonomiplan
- prognosen for konsesjonskraftinntekter pr. 12.03.14 vert innarbeida i det økonomiske opplegget for budsjett/økonomiplan 2015-18
- taket for lokale inntekter til driftsføremål vert nedjustert til 80 mill. kr/år
- eventuelt overskytande kapital vert tilført bufferfondet, og disponert etter «handlingsreglane» i dette fondet
- det vert lagt inn eit innsparingskrav på 2,8 mill. kr årleg på sektoren plan og næring som følgje av redusert nivå på KMD-midlane
- ramma til opplæring førebels vert styrka med 10,3 mill. kr årleg for åra 2015-18. Rammeauken er knytt til auka kostnader til fagopplæring. Vidare får hovudutvalet for opplæring i oppgåve å:
 - kvalitetssikre prognosane
 - finne dekning for størst mogleg del av den avdekka ubalansen innafor eiga ramme
 - kartlegge om utfordringa knytt til auken i fagopplæringskostnader er eit isolert problem for Sogn og Fjordane, eller om dette er ein trend på landsbasis.
- skissert metode for utarbeiding av prioriteringssakene til hovudutvala i juni vert lagt til grunn.

Finansutvalet tok følgjande orienteringar til vitande:

- gjennomgang av føresetnader for innarbeiding av nytt inntektssystem i gjeldande budsjett/økonomiplan
- gjennomgang av tidlegare avsettingar til fond
- utbetring av Høyangertunnelen
- sluttoppgjer og rettslege krav NCC
- utlysing av fylkesvegferjesamband
- kompensasjonsmidlar for høg arbeidsgjevaravgift

Det kom spørsmål i møtet om kva effekt dei bransje-/sektorvise unnataka ville ha for næringslivet i fylket. Fylkesrådmannen si oppfølging av dette spørsmålet følgjer som vedlegg 1.

- dei økonomiske forpliktingane i høve ei eventuell rutilutvinning i Engebøfjellet i Naustdal

- avkorting av mva-kompensasjonen for 4. termin 2013
- innspel frå råd og utval.

2 DRIFTSKONSEKVENSAV FT-/FU- VEDTAK I VÅRSESJONEN

EM i vektløfting

Fylkesutvalet gjorde følgjande intensjonsvedtak i FU-sak 34/14:

«Fylkeskommunen tek sikte på å støtte TV-produksjonen til eit Europameisterskap i vektløfting i 2016 i Førde/Naustdal med 1,1 mill. kr. Ein vil ta stilling til endeleg løyving i budsjettet for 2015 og eventuelt 2016».

Med grunnlag i den økonomiske situasjonen fylkeskommunen no er i, meiner fylkesrådmannen at dette intensjonsvedtaket bør vurderast på nytt. Det er førebels ikkje lagt inn midlar til dette i det økonomiske opplegget for budsjett 2015/økonomiplan 2015-19.

Driftskonsekvensane av vedtak i tertialrapport 1/14 og innsparingskravet på sektoren plan og næring (FU med hasteparagraf i januar 2014) er alt tekne høgde for i arbeidsdokument 2/14

Tilråding

Intensjonsvedtaket om å støtte TV-produksjon i samband med eit eventuelt EM i Vektløfting i Førde/Naustdal i 2016 vert ikkje følgt opp.

3 KOMMUNEPROPOSISJONEN 2014 (KP)

Kommuneproposisjonen for 2015 (frå KMD) inneheld – i tillegg til rammer for kommuneopplegget 2015 – også framlegg til nytt inntektssystem for fylkeskommunane. Framlegg til nytt inntektssystem gjev ein vesentleg rammereduksjon for Sogn og Fjordane.

3.1 Nytt inntektssystem

Systemverknader og tapskompensasjon

Det er spesielt to tilhøve som gjer at det nye inntektssystemet vert svært krevjande for vår fylkeskommune:

- Kostnadsnøklane vert endra slik at vårt utgiftsutjamnande tilskot skal reduserast med 264 mill. kr
- Inntektsgarantiordninga (INGAR) vert erstatta av ny overgangsordning som gjer at reduksjonen skal innarbeidast på 5 år.

Nedgangen første år vert isolert sett 53 mill. kr, aukande med tilsvarande beløp pr. år til 264 mill. kr årleg frå 2019.

Inntektsutjamninga er endra frå ei asymmetrisk til ei symmetrisk ordning. Utjamningsgraden er set til 87,5 % og dette gjev framleis høg utjamning. Vi får omlag 1,5 mill. kr meir i utjamning etter den nye ordninga.

I tillegg til desse reine systemverknadane la regjeringa inn ein tapskompensasjon. Alle fylkeskommunar som fekk eit tap over 200 kr. pr. innbyggjar første året fekk kompensert det overskytande beløpet. Vi fekk utifrå dette ein tapskompensasjon på 26,4 mill. kr. Det vart vidare lagt opp til at denne tapskompensasjonen skulle vidareførast som særskilt tilskot på same nominelle nivå fram til neste revisjon av inntektssystemet.

I si innstilling til Stortinget har Kommunal- og forvaltningskomiteen innstilt på å auke denne tapskompensasjonen frå samla 95 mill. kr til samla 125 mill. kr. Dette betyr at vår tapskompensasjon vert auka med 8,4 mill. kr til 34,8 mill. kr. Den samla tapskompensasjonen er tilrådd finansiert innafor auken i frie inntekter.

Elevtalsreduksjon – verknad etter ny overgangsordning

Den nye overgangsordninga fører også til at den venta elevtalsreduksjonen vår får meir direkte påverknad på rammetilskotet i planperioden. I gjeldande budsjetttrammer er elevtalsnedgangen føresett dekkja av INGAR. Med INGAR ville nedgangen samla sett for nytt inntektssystem og elevtalsnedgang vore 100 kr per innbyggjar frå eitt år til neste. I framlegg til ny overgangsordning - utan ei slik maks grense på årleg nedgang - kjem lågare del/utteljing på kriteriet for 16-18 åringar i tillegg til nedgangen som følgje av tilrådde systemendringar.

Nedgang i rammetilskotet som følgje av venta elevtalsreduksjon er førebels stipulert til om lag 35 mill. kr frå 2016, med ein ytterlegare nedgang utover i planperioden. Den neste store nedgangen er stipulert frå 2020-23. Vi har førebels berre innarbeidd reduksjonen som følgje av forventa elevtalsnedgang i 2016. Det vert føresett at nedgangen vert omfatta av overgangsordninga og vert innarbeidd i rammene over 5 år.

Samla salderingskonsekvens av framlegg til nytt inntektssystem

Tabellen under syner den samla salderingskonsekvensen av framlegg til nytt inntektssystem i høve gjeldande budsjett/økonomiplan.

	2015	2016	2017	2018	2019
Tap på utgiftsutjamning etter nye nøklar og ny overgangsordning	-53,0	-106,0	-159,0	-212,0	-264,0
Ny inntektsutjamning	1,5	1,5	1,5	1,5	1,5
Tapskompensasjon etter komitèinnstillinga	34,8	34,8	34,8	34,8	34,8
Nedgang som følgje av endra elevtal frå 2016		-7,0	-14,0	-21,0	-28,0
Samla endringar etter nytt inntektssystem	-16,7	-76,7	-136,7	-196,7	-255,7
Tidlegare innarbeidd nedgang i planperioden	8,0	16,0	24,0	32,0	32,0
Salderingsmessige konsekvensar (auka utfordring)	-8,7	-60,7	-112,7	-164,7	-223,7

Tilråding

Endringar i rammetilskot som følgje av framlegg til nytt inntektssystem vert innarbeida i det økonomiske opplegget for budsjett 2015/økonomiplan 2015-18.

3.2 Opptrapping fornying og opprusting av fylkesvegane

I tillegg til tapskompensasjonen på 125 mill. kr inneheld stipulert vekst i frie inntekter 150 mill. kr knytt til opptrapping i satsinga på fornying og opprusting av fylkesvegane. Dette er ei oppfølging av satsinga i Nasjonal transportplan 2014-23 (NTP). Ved same fylkesvise fordeling som tidlegare vil Sogn og Fjordane sin del av desse midlane utgjere om lag 10,8 mill. kr.

I NTP ligg det inne ei ramme på 10 milliardar kr til satsinga i perioden 2014-23.

Føringane i NTP antyda at 2,750 milliardar vart løyvd i løpet av dei 4 første åra, mens resterande 7,250 milliardar skulle løyvast dei siste seks åra. I 2015 vil samla løyving for fylkeskommunane vere kome opp på 930 mill. kr. Fylkesrådmannen føreset at nivået på satsinga i 2015, ikkje vert redusert dei to siste åra i fireårsperioden. Med eit flatt nivå i 2016-17 vert samla løyving dei første fire åra på 3,570 milliardar kr. Det vert altså lagt til grunn ei litt større opptrapping enn føringane i NTP.

Frå 2018 legg fylkesrådmannen til grunn ei ytterlegare opptrapping på 150 mill. kr med eit flatt nivå resten av perioden. Ei slik opptrapping vil samla føre til ei styrking i ein 10 års periode med om lag 10 milliardar kr. I gjeldande budsjett/økonomiplan ligg det inne ein forventa opptrapping av desse midlane i tråd med den tidlegare regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett 2014. I tilleggspolisjonen frå den nye regjeringa i november i fjor vart satsinga i 2014 auka og vi fekk om lag 20 mill. kr meir enn føreset. Ved innarbeiding av denne endringa i budsjett/økonomiplan vart ikkje opptrappinga justert. Som følgje av dette ligg vår gjeldande opptrappingsplan - som tek utgangspunkt i eit lægre 2014 nivå - for høgt i høve føringane i NTP. Fylkesrådmannen forventar at komande statsbudsjett vil seie noko meir om opptrappingsplanen framover. Det vert førebels lagt opp til å justere det økonomiske opplegget slik:

	2015	2016	2017	2018	2019
Nye føresetnader – opptrappingsplan på ekstramidlane til opprusting av fylkesvegane	10,8	10,8	10,8	21,6	21,6
Innarbeidd opptrapping i planperioden	-8,2	-18,7	-31,6	-31,6	-31,6
Salderingsmessige konsekvensar etter nye føresetnader	2,6	-7,9	-20,8	-10,0	-10,0

I gjeldande budsjett/økonomiplan er det budsjetterte opptrappingsbeløpet i sin heilheit blitt tilført drift og vedlikehald på samferdslesektoren. Det vil vere naturleg å legge vekt på dette ved fastsetting av ny sektorramme for samferdsle.

Tilråding

Finansutvalet legg dei oppdaterte føresetnadane knytt til fornying og opprusting av fylkesvegar til grunn for det vidare budsjettarbeidet.

Inntektsauken på 2,6 mill. kr i 2015 vert ikkje tilført samferdslesektoren. Midlane vert nytta til salderinga av budsjettet for 2015.

Den auka salderingsutfordringa i åra 2016-18 skal takast omsyn til ved fastsetting av ny sektorramme for samferdsle.

3.3 Kommunal- og forvaltningskomiteen si fleirtalsinnstilling til Stortinget

Kommunal- og forvaltningskomiteen la fram si innstilling til kommuneproposisjon 12. juni. I tillegg til å auke tapskompensasjonen noko, vart to element vi har arbeidd for å få inn kommenterte:

Ferjeavløysingsmidlar

I samband med finansiering av Dalsfjordsambandet og Bremanger II var det ein føresetnad at vi skulle få behalde innsparte ferjemidlar, og at desse skulle nyttast til å finansiere deler av kapitalutgiftene på dei låna vi måtte ta opp for å fullfinansiere prosjekta.

I tråd med dette vart det i budsjett 2014/økonomiplan 2014-18 lagt opp til å redusere samferdsle si ramme med 19 mill. kr årleg – tilsvarande innsparde ferjesubsidiar med dei to sambanda – og nytte desse til å dekke kapitalutgifter.

I framlegget til inntektssystem som no ligg føre er dei særskilte løyvingane til ferjer innlemma i inntektssystemet, og tal ferjesamband inngår som kriterium i den samla kostnadsnøkkelen for fordeling av utgiftsutjamnande tilskot. Dette betyr i praksis at ordninga med ferjeavløysingsmidlar er borte i det nye systemet.

Men på dette punktet kom komiteèn med følgjande merknad:

«*Fleirtalet* i kommunal- og forvaltningskomiteen ber regjeringa vurdere ei ordning med ferjeavløysingsmidlar for fylkesvegsamband innanfor inntektssystemet tilsvarande som for riksvegferjer.»

Fylkesrådmannen er her usikker på om ei slik ordning vil omfatte alt gjennomførte investeringar som på Dalsfjordsambandet og Bremangersambandet II. Men med grunnlag i at dette var ein føresetnad for finansieringa av dei to sambanda då vi overtok investeringane frå staten, vel fylkesrådmannen å føresette at dette vert følgt opp frå statleg hald.

For at fylkeskommunen skal få dei lova ferjeavløysingsmidlane, er det avgjerande at denne tildelinga skjer utanfor inntektssystemet. Eit system for ferjeavløysing for fylkeskommunane må utformast slik at driftstilskotet til ei ferje som vert avløyst av bru/tunnel må fysisk takast ut av inntektssystemet og kompensert direkte til den aktuelle fylkeskommunen over det tal år ordninga skal vare (t.d. 40 år). Dette kan gjerast ved å trekke ut driftstilskotet frå totalramma i inntektssystemet. Den aktuelle fylkeskommunen vil få eit tilsvarande trekk ved at tal ferjesamband i kostnadsnøkkelen vert nedjustert. Midlane kan så leggest til eit av departementa (KMD el SD) og tildelast som ei direkte tilskotsordning til den aktuelle fylkeskommunen.

Trass i at det i merknaden frå komiteèn står «innafor inntektssystemet», føreset fylkesrådmannen at det er meint å utarbeide ei ordning som gjev full effekt og at ordninga vert innarbeidd i statsbudsjettet for 2015.

Dersom dette ikkje vert følgt opp, vil vi tape dei nemnde 19 mill. kr pr. år. Salderingsutfordringa vil då auke med i underkant av 4 mill. kr årleg akkumulerte til 19 mill. årleg etter 5 år.

Etter fylkesrådmannen si vurdering har vi pr. i dag ikkje ferjeavløysingsprosjekt som vil vere sjølvfinansierende på kort og mellomlang sikt. Fylkeskommunen sin økonomiske situasjon gjer det lite aktuelt å vurdere nye låneopptak til slike investeringar no. Ei ordning med ferjeavløysingsmidlar vil såleis ikkje ha utløysande effekt for nye prosjekt dei komande åra.

NSB – subsidiar

I kommunal- og forvaltningskomiteen sine merknader til inntektssystemet står det mellom anna:

«*Medlemene i komiteen frå Høgre og Framstegspartiet* ber regjeringa lage ein oversikt over korleis statleg kjøp av NSB-tenester og fly-tenester fordeler seg mellom regionar og fylke, og kva innverknad det har for inntektssystemet til fylkeskommunane.»

Poenget her er at det statlege tenestekjøpet (subsidiar) hos NSB gjev hovudstadsområdet ei stor føremon som det ikkje vert korrigerert for når den same staten - gjennom inntektssystemet - avgjer kor mykje midlar kvar fylkeskommune skal tildelast, mellom anna til kollektivtrafikk.

Dette tok vår fylkeskommune opp med i komiteen på høyringa 19. mai. Det er positivt at fleirtalet i komiteen meiner regjeringa må følgje opp dette. Det bør no arbeidast vidare med sikte på å få fleirtal for å innarbeide dette elementet i inntektssystemet fram mot statsbudsjettet til hausten.

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om ferjeavløysingsmidlar til vitande. Det er førebels føresett at vi får behalde innsparde ferjetilskot i høve Dalsfjord- og Bremangersambandet som tidlegare førespegla.

Det skal arbeidast vidare politisk med sikte på å få innarbeidd fråtrekk for statleg subsidiering av oppgåveytting ved berekning av utgiftsbehovet på samferdsletenesta.

4 LOKALE INNTEKTER

Før fylkesrådmannen går vidare med å skissere korleis dei nye rammeføresetnadane vil og bør påverke det vidare budsjettarbeidet, vert det gjort greie for nye føresetnader i høve lokale inntekter som skjerpar salderingsutfordringa ytterlegare.

4.1 Konesjonskraftinntekter 2015 - 2018

I arbeidsdokument 2/14 vart prognostiserte konesjonskraftinntekter nedjusterte med frå 8 - 13 mill. kr årleg i perioden 2015-18. Den nye prognosen er basert på marknadsprisar per 30. april 2014 og viser eit ytterlegare behov for å nedjustere inntektene. Tabellen nedanfor illustrerer dette.

	2015	2016	2017	2018
Opphavleg økonomiplan	60,5	51,8	52,9	52,9
Nedjustering i A-dok 2/14	-8,3	-3,4	-12,2	-13,5
Ytterlegare nedjustering	-0,3	-4,2	-3,2	-0,7
Ny prognose pr. 30.04.14	51,9	44,2	37,5	38,7

Fylkesrådmannen tilrår at den nye prognosen vert innarbeidd i det økonomiske opplegget.

Tilråding

Prognosen for konesjonskraftinntekter pr. 30.04.14 vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett/økonomiplan 2015-18.

IKKJE OFF. – OFF. LOVA §23

4.2 Utbytte (ikkje off. – off. lova §23)

- SLUTT IKKJE OFF. -

4.3 Lokale inntekter - til driftsføremål

I arbeidsdokument 2/14 vart det bestemt å ta ned «taket» for bruk av lokale inntekter til driftsføremål frå 90 mill. kr til 80 mill. kr. Med dei siste prognosane ser vi at det er naudsynt å nedjustere dette nivået ytterlegare. Inntekspotensialet i perioden vert svekka med samla 70 mill. kr. Med bakgrunn i dette vil fylkesrådmannen tilrå at nivået vert senka med 15 mill. kr årleg i 2015 og 2016, og med 20 mill. kr årleg frå 2017. Dette gjev følgjande avvik mellom prognose og bruk av lokale inntekter til driftsføremål i planperioden:

	2015	2016	2017	2018
Prognose samla lokale inntekter	69,4	52,5	64,6	63,3
Bruk av lokale inntekter i drifta	65,0	65,0	60,0	60,0
Avvik	+4,4	-12,5	+4,6	+3,3

Dei årlege avvika vert i tråd med tidlegare praksis saldert mot bufferfondet.

Tilråding

Taket for bruk av lokale inntekter til driftsføremål vert sett til 65 mill. kr i åra 2015-16 og til 60 mill. kr årleg frå 2017. Avvik frå dette nivået vert i tråd med gjeldande praksis saldert mot bufferfondet.

5 JUSTERING AV ØKONOMIPLANPROSESSEN – VIDARE ARBEID

I arbeidsdokument 1/14 slutta finansutvalet seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til gjennomføring av prosessen for utarbeiding av budsjett 2015/økonomiplan 2015-18. Budsjettprosessen føreset at fylkestinget i desember 2014 skal vedta budsjett 2015/økonomiplan 2015-2018.

Den store reduksjonen i framtidige inntekter vil føre til at heile den fylkeskommunale verksemda må vurderast. Dette arbeidet er omfattande og vil ta tid. Dei nye inntektsføresetnadane, kombinert med den korte tidshorizonten for gjennomføringa, gjer at fylkesrådmannen meiner det ikkje er realistisk å gjennomføre føreståande økonomiplanprosess som planlagt.

Fylkesrådmannen vil tilrå ein deling av budsjettprosessen der vi vidare fram mot vedtak i desember 2014 har fokus på budsjettåra 2015 og 2016 samt ein overordna og forenkla økonomiplan for åra 2017-2019.

5.1 Budsjett 2015 og 2016

For budsjettåra 2015 og 2016 vert det ikkje endringar i budsjettprosessen. Fylkesrådmannen legg opp til at finansutvalet gjev drift- og investeringsrammer no i dette arbeidsdokumentet. Vidare skal hovudutvala handsame detaljbudsjettet for 2015 i september. Ordinær slutthandsaming vert i desember 2014.

Tilråding:

Finansutvalet sluttar seg til at gjeldande budsjettprosess skal gjennomførast for åra 2015 og 2016.

5.2 Økonomiplan 2017-19

I framlegg til kommuneproposisjonen 2015 er overgangsordninga sett til 5 år, det betyr at vi skal ha tilpassa oss nye inntektsrammer i 2019. Det vert difor naturleg å ta inn 2019 i økonomiplanarbeidet no.

Fylkesrådmannen vil tilrå at det vert gjort følgjande endringar i gjeldande budsjettprosess:

1. Hovudutvala vert utfordra på å konkretisere innsparingstiltak og synleggjere konsekvensar av dei skisserte innsparingsstiltaka på både kort og lang sikt.
2. Den tekstlege omtalen i budsjettdokumentet må innehalde ein oversikt over kva reduksjonstiltak som skal utgreiast med tanke på å saldere den langsiktige nedskjeringa.
3. Økonomiplanarbeidet vert gjennomført i løpet av våren 2015
4. Økonomiplan 2017-2019 vert vedteken av fylkestinget i juni 2015.

Tilråding:

Finansutvalet sluttar seg til dei tilrådde endringane i budsjettprosessen i høve økonomiplanarbeidet 2017-19.

5.3 Behov for ekstra administrative ressursar i utgreiingsarbeidet

Dei store økonomiske utfordringane som ligg føre i åra framover vil krevje mykje ressursar - både politisk og administrativt. Det vil vere nødvendig å sette i gang ulike utgreiingsoppgåver på mange område og sektorar. Som døme kan nemnast:

- Prioritering av oppgåver – kva for oppgåver skal ikkje utførast lenger
- Gjennomgang av inngåtte kontraktar – kan vi gå ut av nokon av desse
- Dei formelle prosessane knytt til ev. oppseiing av tilsette

Fylkesrådmannen vurderer det slik at dette vert eit svært krevjande arbeid med mange involverte partar. Det vil såleis vere nødvendig å prioritere ressursar til dette arbeidet. Det vil også vere behov for ulik kompetanse innafor dei forskjellige utgreiingsoppgåvene. Det kan såleis bli ei aktuell problemstilling å auke opp dei administrative ressursane i ein periode for å kunne gjennomføre innsparingar på lang sikt.

Fylkesrådmannen har ikkje enno teke stilling til korleis dette skal gjennomførast. Etter at finansutvalet har handsama føreliggjande arbeidsdokument, vonar vi å ha eit noko betre grunnlag for å kunne vurdere dette spørsmålet. Det vil uansett vere svært viktig at den administrative ressursstyrkinga vert på rett plass og nivå i organisasjonen. Erfaringane frå arbeidet med skulebruksplanen vil vere eit viktig bidrag i denne vurderinga.

Tilråding:

Finansutvalet tek fylkesrådmannen si orientering om behovet for ekstra administrative ressursar til vitande.

5.4 Grunnleggjande tiltak som bør iverksetjast snarast

Kartlegging av handlingsrom i høve ev. oppseiing av fast tilsette

Fylkeskommunen hadde i 2013 samla utgifter til løn og sosiale utgifter på 894 mill. kr. Dette utgjør 33 % av brutto driftsutgifter. Ein reduksjon i fellesinntekter på 229 mill. kr. vil medfører ein reduksjon på 75 mill. kr i lønskostander på år dersom lønsbudsjettet skal «ta sin del». Dette tilsvarar om lag 100-150 årsverk. Det er difor viktig at vi har eit godt opplegg for korleis dette skal handterast i høve dei tilsette og organisasjonane. Vi har alt lagt eit godt grunnlag gjennom «prosjekt personal» i skulebruksplanen. Ei slik nedbemanning vil vere så omfattande at vi neppe vil klare den ved naturleg avgang og omplasseringar åleine.

Med bakgrunn i dette vil fylkesrådmannen tilrå at det alt no vert gjennomført ei utgreiing for å avklare korleis opplegget for handtering av dei personalmessige sidene skal vere ved gjennomføring av innsparings-/omstillingstiltaka.

Mykje av aktiviteten til fylkeskommunen er bunden opp gjennom inngåtte kontraktar/avtalar med eksterne partar. Det er no viktig å få ein samla oversikt over desse kontraktane med tanke på å kartlegge bindingar, avtalelengd og eventuelt høve til å kjøpe seg ut av gjeldande avtalar – altså det samla handlingsrommet vi måtte ha.

Dette arbeidet bør starte no i sommar.

Tilråding

Fylkesrådmannen får i oppgåve å kartlegge:

- kva handlingsrom fylkeskommunen har i høve eventuell oppseiing av fast tilsette.
- kva kontraktar fylkeskommunen har med eksterne partar og om det eventuelt er høve å gå ut av avtalane før avtalt tid.

5.5 Salderingsutfordring før iverksetjing av innsparingstiltak/strategiar

Endringane i rammeføresetnader som det er gjort greie for i punkta over kan oppsummerast slik:

	2015	2016	2017	2018	2019
Ubalanse etter a.dok 2	22,5	30,1	20,6	-5,5	-5,5
Vurderingar i a.dok 3:					
Ytterlegare reduksjon i lokale inntekter (konesjonskraft, utbytte)	20,8	15,9	16,1	16,1	16,1
Ytterlegare justering i avsetting til bufferfond 65/60 mill. kr til drift	-5,8	-0,9	3,9	3,9	3,9
Engebø - 55 mill. 2011-kr til vegbygging (kapitalutgifter)					
Kommuneproposisjonen					
Redusert rammetilskot (etter komiteinnstilling)	16,7	69,7	122,7	175,7	227,7
Fråtrekk for alt innarbeidd reduksjon i rammetilskot	-8,0	-16,0	-24,0	-32,0	-32,0
Reduskjon som følgje av redusert elevtalsandel		7,0	14,0	21,0	28,0
Nye føresetnader - opptappingsplan på opprustning av fylkesvegar	-10,8	-10,8	-10,8	-21,6	-21,6
Reversering av føreset opptrapping på opprustning av fylkesvegar	8,2	18,7	31,6	31,6	31,6
Ubalanse etter a.dok 3	43,6	113,7	174,1	189,2	248,2

Salderingsutfordringa vi no står overfor må finne si løysing innafor dagens driftsbudsjettrammer. Desse kan delast i to hovudkategoriar:

- Fellesinntekter og –utgifter
- Sektorutgifter

I dei neste hovudpunkta vil fylkesrådmannen gjere ei vurdering av mogleg innsparingspotensial innafor kvar av desse kategoriane.

6 MOGLEGE TILTAK – FELLE SINNTEKTER OG –UTGIFTER

Innafor området fellesinntekter og –utgifter vil fylkesrådmannen tilrå at ein har fokus på å få ned kapitalutgiftsbelastninga. Dei andre postane på dette området - skatt og rammetilskot, lokale inntekter og rentekompensasjonsordningar – må stort sett tilpassast gjeldande eksterne rammeføresetnader.

6.1 Kapitalutgiftsbelastning før og etter reduksjon i statlege overføringar

Tabellen under syner vedteke låneopptak og avdragsbetaling i vedteke budsjett 2014/økonomiplan 2014-17:

	Lånegjeld 1.1	Nye lån	Avdrag	Lånegjeld 31.12
2014	2 165,8	196,3	111,8	2 250,3
2015	2 250,3	254,4	117,9	2 386,7
2016	2 386,7	272,9	125,5	2 534,1
2017	2 534,1	201,2	128,9	2 606,4

Investeringsplanen i perioden 2014-2017 medfører ein netto auke i lånegjelda på om lag 450 mill. kr. Betaling av rente og avdrag er budsjettert med 173,4 mill. kr i 2014 - stigande til 226,7 mill. kr i 2017.

Forvaltningsreforma har medført store låneopptak for fylkeskommunen frå 2010. Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter har auka med 20%-poeng frå 2011 til 2013. I 2013 utgjorde netto lånegjeld 75,4% av samla inntekter. Auken i lånegjelda skuldast store investeringar som er gjort på fylkesvegar og skulebygg.

Dei tiltaka som krev størst låneopptak framover er Olden-Innvik og byggebehovet i opplæringssektoren.

Kommuneproposisjon 2015 gjev fylkeskommunen lågare inntekter framover og vi vert såleis dårlegare rusta til å møte auka lånegjeld og kapitalutgifter i planperioden. Fylkesrådmannen vil peike på to vesentlege moment:

- Utviklinga i lånegjelda samanlikna med driftsinntektene våre
- Evna til å «betjene» kapitalutgiftene i dei årlege driftsbudsjetta

Det nye inntektssystemet vil gje oss ein inntektsvikt på om lag 10 % ved full innføring i 2019. I gjeldande økonomiplan går lånegjelda motsett veg og aukar med 20 % frå 2014 til inngangen av 2018. Ei slik utvikling gjer at vi får ei særst tyngande gjeldbelastning. Vi har i dag ei lånegjeld som er om lag dobbelt så høg som landsnittet per innbyggjar, og med desse føresetnadane vil avstanden til landsnittet auke ytterlegare.

Dersom føresetnadane ikkje vert endra, vil lånegjelda på sikt grovt rekna utgjere 100 % av dei samla årlege driftsinntektene. Det tilrådde maksimumsnivået er på 75 %.

Ei slik utvikling gjer oss også svært sårbare for renteendringar, og kan føre til at andre driftsoppgåver må kuttast for å betale årlege renter og avdrag.

Med bakgrunn i dette er det svært viktig å legge til rette for å redusere kapitalutgiftsbelastninga maksimalt.

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om kapitalutgiftsbelastninga til vitande.

6.2 Investeringsstopp/reversering av alt vedtekne investeringar

Slik fylkesrådmannen vurderer det bør førebels følgjande investeringsløyvingar i vedtekne investeringsprogram for bygg og veg reverserast:

- *Avsette midlar til ombygging, rehabilitering og sikring av bygningsmassen.* På denne posten er det sett av 20,0 mill. kr årleg. Dette er vurdert til å vera eit naudsynt nivå over tid, men vi kan ta ned posten ein kortare periode utan at det får alvorlege følgjer for bygningsmassen. Samla over tre år kan ein redusere med 9,0 mill. kr.
- *Oppgradering av tannklinikkar.* Her er det sett av 4 mill. kr kvart år i perioden. Oppgradering av tannklinikane må ta høgde for ein mogeleg endring i framtidig struktur. I 2015 mogleg å gjennomføre naudsynte investeringar ved hjelp av avsette fondsmidlar i staden for å ta opp nye lån.
- *Fellesmagasin for musea.* Heile investeringa bør takast ut. Samla gjev dette reduserte investeringar i perioden fram til 2018 på 90,9 mill. kr.
- *Gulating visningscenter.* Heile investeringa bør takast ut av planen. Samla gjev dette reduserte investeringar med 21,0 mill. kr.
- *Olden – Innvik.* Attståande investering utgjer 410 mill. 2013-kr. Her må det takast omsyn til at vi får rentekompensasjon for veginvesteringar på intill 139 mill. kr årleg. Ved å ta ut prosjektet i planperioden vil dei samla investeringsrammene på veg komme under dette nivået. Tapet av rentekompensasjon er fråtrekt i framstillinga under slik at vi står att med nettoeffekten av reduserte kapitalutgifter.

Tilrådd nedjustering av vedteke investeringsprogram vil gje slike kapitalutgiftsinnsparringar i høve gjeldande økonomiplan:

Reduserte kapitalutgifter – mill. kr.				
	2015	2016	2017	2018
Reversering Olden-Innvik	5,0	7,7	8,5	9,3
Reversering Fellesmagasin	0,2	1,6	4,1	6,1
Reversering Gulatinget	0,2	0,6	1,4	1,4
Reduksjon løyving ORS-investeringar	0,3	0,5	0,6	0,6
THT- erstatte lånemidlar med fond	0,3	0,3	0,3	0,3
Samla reduksjon i kapitalutgifter	6,0	10,7	14,8	17,6

Ei slik tilpassing vil redusere behovet for låneopptak med omlag 450 mill. kr og gjere til at lånegjelda ikkje aukar i planperioden.

Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til at gjeldande investeringsprogram vert nedjustert i tråd med fylkesrådmannen si skisse.

Endringane vil redusere dei årlege kapitalutgiftene med 6 mill. kr i 2015 aukande til 18 mill. kr årleg frå 2018. Salderingsvinsten er førebels ikkje lagt inn i det økonomiske opplegget.

6.3 Vurdering av investeringsramme – skulebruksplanen

I prioriteringssaka som hovudutvalet for opplæring skal handsame 17. juni skriv fylkesdirektøren følgjande:

«Dersom det skal vurderast strukturelle endringar ut over tiltaka i skulebruksplanen og avvikling av Hordalandsavtalen, vil innsparingspotensialet og konsekvensar av eventuelle endringar krevje nærare utgreiing. Om dette er aktuelt meiner fylkesdirektøren eit vedtak bør fattast snarast råd, med tanke på å få på plass ein framtidsretta driftsorganisasjon.

Opplæringstilbodet for skuleåret 2014-2015 er vedteke i samsvar med tilbods- og skulestruktur i skulebruksplanen. Som konsekvens av dette er det i verksett/planlagt ein del bygningsmessige tiltak. Desse planlagde bygningsmessige tiltaka bør, så langt råd, leggjast på vent for å unngå unødige investeringar.»

I FT-sak 26/13 Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013-2024 heiter det m.a.:

«8. Fylgjande bygningsmessige endringar skal innarbeidast i budsjett 2014/økonomiplan 2014-17:

- a. Ombygging av areal ved Sogndal vidaregåande skule til helse- og oppvekstfag.
- b. Ombygging av areal ved Eid vidaregåande skule til studiespesialisering med formgjeving.
- c. Ombygging av areal ved Måløy vidaregåande skule til helse og oppvekst.
- d. Nybygg på Øyrane vidaregåande skule, avdeling Mo, til verkstadhall og bygg- og anleggsteknikk.
- e. Ombygging av areal ved Øyrane vidaregåande skule til service og samferdsel og helse og oppvekstfag
- f. Nybygg ved Øyrane vidaregåande skule til deler av teknikk og industriell produksjon, vg2 transport og logistikk og vg2 ambulansesfag.
- g. Nybygg ved Hafstad vidaregåande skule til studiespesialisering med formgjeving.
- h. Ombygging og tilpassing til utleige eller anna bruk for ledige areal ved Stryn vidaregåande skule, Firda vidaregåande skule, Dale vidaregåande skule og Høyanger vidaregåande skule

9. Fylkesrådmannen får fullmakt til å byrje planlegging av bygningsmessige endringar som fylgje av skulebruksplanen. Fylkesrådmannen skal kome attende til naudsynte løyvingar per 2. tertial 2013.

10. Areal til restaurant- og matfag i Sogndal skal sjåast i samanheng med planlagt byggetrinn II ved Sogndal vidaregåande skule. Prosjektet vert å handsame i Fylkestinget i oktober 2013.»

Dersom det skal vurderast strukturelle endringar, ut over tiltaka i skulebruksplanen, meiner fylkesrådmannen at større investeringar for utviding av areal bør leggjast på vent. Dette gjeld punkta 8 d, f og g i fylkestinget sitt vedtak. Desse prosjekta er førebels stipulert til samla 126 mill. kr, og vil såleis representere kapitalutgifter i storleiksorden 10,5 mill. kr årleg.

Når det gjeld punkt 10 i vedtaket, byggetrinn II ved Sogndal vidaregåande skule, meiner fylkesrådmannen at areal knytt til restaurant og matfag bør leggjast på vent, medan nybygg for studiespesialisering må gå som planlagt.

Dette vil gje ei innsparing i kostnadsoverslaget på prosjektet i storleiksorden 16,5 mill. kr og ein tilsvarande reduksjon i budsjetterte kapitalutgifter på 1,4 mill. kr.

Etter fylkesrådmannen si vurdering må investeringane i punkta 8 a, b, c, e og h gå som planlagt. Desse tiltaka er knytt til vedlikehald, rehabilitering og mindre ombyggingar. Nokre av tiltaka er allereie gjennomført/under arbeid for å møte bygningsmessige behov som følgje av vedtaket i skulebruksplanen.

Det vert førebels ikkje lagt opp til å ta ut salderingsvinst i form av reduserte kapitalutgifter som følgje av denne tilrådinga.

Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til at skisserte tiltak i investeringsprosjektet knytt til gjennomføring av vedtaket i skulebruksplanen vert sett på vent.

Fylkesrådmannen får i oppdrag å lage ei sak til fylkestinget i oktober med sikte på å få avklart om det er aktuelt å gjennomføre tilpassingane skissert i dette punktet. Saka må vise:

Konsekvensane av å stoppe planlagde bygginvesteringar skissert i punkt 8. d, f og g i fylkestinget sitt skulebruksplanvedtak.

Korleis ein midlertidig kan tilpasse seg ei slik utsetjing – i påvente av eventuelt nytt skulestrukturvedtak.

Kva konsekvensar det vil ha for byggesteg II ved Sogndal vgs. å utsetje realisering av bygningsdelen knytt til restaurant og matfag.

Det er førebels ikkje lagt inn salderingsvinst i form av reduserte kapitalutgifter på dette området.

IKKJE OFF. – OFF. LOVA §23

6.4 Realisering av verdier (ikkje off. – off. lova §23)



IKKJE OFF. - SLUTT**6.5 Salderingseffekt av tiltak for å redusere kapitalutgiftsbelastninga**

I punkta 6.2 - 6.4 har fylkesrådmannen synleggjort ulike tiltak som kan setjast i verk for å redusere kapitalutgiftsbelastninga. På nokre av punkta er det skissert ein salderingseffekt. Denne er førebels ikkje lagt inn i salderingsopplegget.

Redusert kapitalutgiftsbelastning vil gje tilsvarende reduksjon i behovet for å setje i verk utgiftsreducerande tiltak på sektornivå. Det er difor ei sentral oppgåve å ha fokus på å få ned lånegjelda.

Tilråding

Reduserte kapitalutgifter vil gje ein tilsvarende reduksjon i behovet for å setje i verk utgiftsreducerande tiltak på sektornivå.

Finansutvalet vil difor ha fokus på tiltak som kan frigjere kapital til å sanere lånegjeld og tilhøyrande kapitalutgifter.

7 INNSPEL TIL SEKTORPRIORITERINGAR – POTENSIALE FOR REDUKSJONAR

Fylkesrådmannen vil innleiingsvis i dette punktet referere fylkesordføraren si påminning i talen til fylkestinget 11. juni:

«Det er lett å prioritere i oppgangstider. No får vi verkeleg testa ut om vi evner å prioritere i nedgangstider.

Meir enn nokon gong må vi no nytte midlane våre på best mogeleg måte.»

Hovudutvala har alt starta denne prosessen gjennom å svare på finansutvalet si bestilling om å fremje ei innbyrdes prioritering mellom aktivitetar på eigen sektor.

Saksframstillingane, samt hovudutvala sine endelege vedtak, følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg 2-5.

Når det gjeld sektorane forvaltning og tannhelse – som ikkje har eigne hovudutval – vert prioriteringstilrådingane lagt fram for politisk handsaming som punkt 7.2 og 7.3.

7.1 Oppgåvefokus – forholdet mellom sentraladministrasjon og sektorbudsjett

I den prioriteringsdebatten vi no skal inn i, vil fylkesrådmannen tilrå at nivået på stillingsressursane som inngår i «sentraladministrasjonen» vert vurdert i samanheng med aktuelle reduksjonstiltak på den enkelte sektor.

Fylkesrådmannen vil her minne om at grunnlaget for å eventuelt kunne seie opp tilsette ligg i at tilhøyrande oppgåver vert tekne bort.

Det er alt lagt inn ei «generell innsparing» på sentraladministrasjonen aukande til 7 mill. kr frå 2017. Denne er effektuert ved å ta bort 10,4 årsverk slik:

<u>Eining</u>	<u>Årsverk</u>
Fylkesrådmannen	
(stab/interne støtteiningar)	4,4
Opplæringsavdelinga	1,5
Plan og samfunnsavdelinga	1,0
Næringsavdelinga	1,0
Kulturavdelinga	1,0
Samferdsleavdelinga	1,0
Tannhelsetenesta	0,5

I tillegg til oppgåvefokus er det viktig at det er samsvar mellom krav/forventningar og dimensjoneringa av administrasjonen. Administrasjonen har i dette perspektivet tre «oppdragsgjevarar»:

1. Politisk side
2. Driftsorganisasjonen elles
3. Utadretta verksemd (selskap/publikum/media)

I praksis bør nivået på reduksjonar i sentraladministrative ressursar kome til i ein dialog mellom hovudutvala og fylkesdirektørane på sektornivå og mellom FU og fylkesrådmannen på fylkeskommunenivå. Dialogen bør først parallelt med aktuelle reduksjonstiltak.

Vi bør difor få kome attende til aktuelle reduksjonar på dette området.

Fylkesrådmannen vil presisere at tilrådinga under ikkje påverkar myndefordelinga i den samla administrasjonen. Tilrådinga er meint som ei naudsynt tilnærming for å sikre at reduksjonstiltak i administrasjon vert forankra i reelle oppgåveendringar.

Tilråding

Hovudutvala får i oppgåve å vurdere dimensjoneringa av sentraladministrative ressursar opp mot dei oppgåveendringar/tiltak som vert tilrådd på sektornivå.

Fylkesutvalet/finansutvalet vurderer tilsvarande på sitt nivå.

Framlegg til endringar i sentraladministrasjonen skal kome i ein dialog mellom det politiske og administrative nivået.

7.2 Forvaltning

I dette punktet har fylkesrådmannen gått gjennom sektoren forvaltning med tanke på kva innsparingar som kan realiserast på kort sikt (åra 2015 og 2016) og vidare vurdert det han meiner er eit minimumsnivå på tenestene i eit langsiktig perspektiv.

Gjennomgang av tenestene på forvaltningssektoren

		B -14	B-15	B-16	B-19 Maks reduksjon
	Forvaltning og fellesutgifter				
400	Politisk styring	50,9	6,2	10,8	10,8
	4000 Utgifter til fylkesting, utval og ordførar	15,0	0,0	4,0	4,0
	4003 Partistønad	4,4	2,2	2,2	2,2
	4004 Diverse råd og utval	1,5	0,0	0,6	0,6
	4005 Til disposisjon for utvala	5,0	4,0	4,0	4,0
	4006 Innsparingskrav på sektorane	0,0	0,0	0,0	0,0
	4009 Avsett til løns- og prisvekst	25,0	0,0	0,0	0,0

	Forts.	B -14	B-15	B-16	B-19 Maks reduksjon
410	Kontrollutval	4,4	0,0	0,0	0,0
	4100 Kontrollutvalet og revisjon	4,4			
420	Administrasjon	145,8	2,5	5,6	5,8
	4200 Administrasjon	109,7			
	4201 Personalretta tiltak	7,3	2,3	5,3	5,3
	4204 Tillitsvalde og verneombod	3,3	0,2	0,3	0,5
	4205 Interne støtteiningar	25,5			
421	Forvaltningsutgifter eigedomsforvaltninga	7,5	-0,3	-0,3	-0,3
	4210 Bygg- og eigedomsforvaltning	6,1	0,0	0,0	0,0
	4211 Bygg- og bilforsikring	2,0	0,0	0,0	0,0
	4212 Utleigebygg	-0,6	-0,3	-0,3	-0,3
430	Administrasjonslokale	6,3	0,2	0,3	0,6
	4300 Administrasjonslokale	6,3	0,2	0,3	0,6
460	Tenester utanom ordinært FK ansvarsområde	0,7	0,0	0,0	0,0
	4606 Diverse tilskot	0,7	0,0	0,0	0,0
480	Diverse fellesutgifter	7,0	-2,0	-2,0	-2,0
	4800 Juridiske honorar mm.	1,3	-2,0	-2,0	-2,0
	4801 Personalforsikringar	0,9	0,0	0,0	0,0
	4802 Folkehelsearbeid	4,8			
SUM		222,6	6,6	14,4	14,9

*) Tala for åra 2015-19 viser moglege reduksjonar i høve 2014-nivået.

Tekstleg omtale av innhaldet i tabellen

Generelt

Kollonna «B-19 minimum tenestenivå» er på eit slikt nivå at den fangar opp «lovpålagde oppgåver». Tiltaka som må setjast i verk for å kome ned på minimumsnivået kan gjennomførast i løpet av 5 år. Tabellen syner også kor mykje som kan takast ned i 2015 og 2016.

400 Politisk styring

Etter § 7 i kommunelova skal fylkeskommunar som har eit folketal på mindre enn 150 000 innbyggjarar ha eit fylkesting på minst 19 medlemer. Fylkestinget er i dag på 39 medlemer. Kanskje kunne ein på politisk side utgreie ein modell basert på 31 medlemer? Dette gjev ei innsparring på om lag 4 mill. kr i høve dagens nivå. Posten omfattar utgifter til fylkesting, fylkesordførar, fylkesutval og hovudutval.

Fylkestinget vedtok i sak 29/06 ei frivillig ordning med tilskot til dei folkevalde gruppene i fylkestinget (partistønad). Kanskje kan ein her halvere tilskotet, jf mogleg utreiing nemnd over.

Utgifter til diverse råd og utval femner om kontingent til Vestlandsrådet (0,5 mill. kr), utgifter til Fylkesrådet for eldre og Fylkesrådet for funksjonshemma. Vestlandsrådet er ikkje lovpålagt. Fylkesråda er lovpålagde men fylkestinget kan velje dei same personane i begge råda (personsamanfall) og dermed redusere driftsutgiftene ganske mykje (0,4 mill. kr). Kontingenten til Vestlandsrådet er teken med under minimumsalternativet. Når det gjeld elev- og lærlingeombodet

ligg dette teknisk på opplæringssektoren, men vert følgt opp på forvaltningssektoren. Det er førebels ikkje lagt inn endringar i på denne tenesta.

Løyvinga til disposisjon for fylkesutvalet og hovudutvala er ikkje lovpålagde. Ei minimumsløyving til utvala totalt kan kanskje vere på 1 mill. kr, jf mogleg utgreiing nemnd over.

410 Kontrollutval

Kontrollorgana inngår som ein del av sektoren forvaltning. I tråd med vanleg praksis kjem ikkje fylkesrådmannen med tilråding på dette saksfeltet. Kontrollutvalet skal vurdere eige tenesteområde i møtet 17. juni. Vedtaket i kontrollutvalet vert lagt fram for finansutvalet i møtet 18. juni.

Kostnadane som er lagt inn i tabellen over er derfor utan endringar.

Slik fylkesrådmannen ser det bør finansutvalet no drøfte det nivået som ligg til Kontrollutvalet. Ev endringar i dette må kome i FT.

420 Administrasjon

Når det gjeld budsjettet knytt til sentraladministrasjonen vert det vist til punkt 7.1.

Løyvinga til personalretta tiltak femner om fellestiltak for heile organisasjonen, slik som: opplæring, leiarutvikling, rekrutteringstiltak, kompetansekartlegging, hospitering, bedriftshelseteneste og trainee-stillingar. Berre 2,0 mill. kr er lovfesta/avtalefesta og det omfattar:

- Kompetansekartlegging: 0,3 mill. kr.
- Opplæring i arbeidsmiljø: 0,2 mill. kr.
- Bedriftshelseteneste: 1,5 mill. kr.

Det ligg inne ein ekstraressurs til frikjøp av tillitsvalde på 0,6 årsverk, tilsvarande 0,4 mill. kr, utover ei minimumsløysing.

421 Forvaltningsutgifter eigedomsforvaltninga

Fylkeskommunen eig 10 tenestebustader på Leikanger. 5 av desse kan seljast, dette kan gi ei ein netto salsvinst på 5,0-7,5 mill. kr.

430 Administrasjonslokale

Her kan det bli aktuelt å vurdere bruk av eigne lokale på Leikanger framfor leige andre stader i fylket. Dette kan på sikt gje sparte husleigeutgifter.

460 Tenester utanom ordinært FK ansvarsområde

0,525 mill.kr er årleg tilskot til Fjellvegen AS, Årdal – Luster. 0,150 mill. kr er årleg tilskot til sykkelbyen Førde, og dette fell bort frå og med 2016 og er alt innarbeidd i økonomiplanen.

480 Diverse fellesutgifter

Juridisk honorar omfattar også utgifter til utgreiingar og prosjektarbeid. I den fasen fylkeskommunen no går inn i, meiner fylkesrådmannen at posten må styrkast med (minst) 2,0 mill. kr kvart år i planperioden.

Personalforsikringane er lovpålagde.

Budsjettmidlane knytt til folkehelseområdet er vurdert som ein del av HPN si prioriteringssak.

Tilråding

Finansutvalet tek fylkesrådmannen si utgreiing i høve forvaltningssektoren til orientering.

Fylkesrådmannen får i oppdrag å legge til rette for ei politisk vurdering av nivået på programområde 400 Politisk styring. Sentrale tema vil vere:

- Eventuell endring i tal fylkestingsmedlemmar frå hausten 2015
- Nivået på partistønad

Kontrollutvalssekretæren får i oppdrag å legge til rette for ei politisk vurdering av nivået på programområde 410 Kontrollutval.

7.3 Tannhelsesektoren

Tannhelsetenesta består av to programområde 660 *Tannhelse –Fellesfunksjonar* og 665 *Tannhelse – pasientbehandling*. Fylkesrådmannen ser at aktiviteten innfor programområda heng nøye saman, og omtalar difor heile tannhelsetenesta samla.

Aktiviteten innanfor sektoren vert framstilt på to nivå, kjernenivået og dagens nivå. Kjernenivået er ei framstilling av tenesta redusert til eit minimum, ved at berre dei lovpålagde pasientgruppene vert prioriterte og ein vesentleg sentralisering av klinikkar og større einingar. Nivåinndelinga kjem fram i tabellen under (tala er netttotal dvs. utgifter minus inntekter):

1. Kjernenivå –teneste	Mill. kr	Konsekvensar
Fylkeskommunen kan yte eit forsvarleg tilbod innan tannhelsetenesta med færre klinikkar enn i dag.	61,800	-Legge ned 16 tannklinikkar -Redusere bemanning -Inga inntening -Vanskeleg å rekruttere og stabilisere tannlegar når dei ikkje får behandle vaksne betalande pasientar -Kostnadsauke skyssutgifter (Fylkestinget kan endre forskrift og unngå kostnadsauke)
2. Framhald av dagens tenestenivå	Mill. kr (netto)	Konsekvensar
Oppretthalde 27 tannklinikkar Behandle vaksne pasientar – inntening på omlag 31 mill. kr.	81,400	- Betre rekruttering og stabilisering av tannlegar når dei får utføre vaksenbehandling. - Kan oppretthalde desentralisert klinikkstruktur med nærleik til pasientane

Fylkesrådmannen vil vidare orientere om dagens nivå på tannhelse og kort skissere mogleg innsparingar på sektoren.

Pasientgrupper og lovgrunnlag

Fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetenester, også spesialisttenester, i rimeleg grad er tilgjengeleg for alle som bur eller midlertidig oppheld seg i fylket. Fylkeskommunen har ansvar for Den offentlege tannhelsetenesta og skal gje eit tilbod til prioriterte pasientar jf. Lov om

tannhelsetenesta. Dersom det er ledig kapasitet ved våre tannklinikkar får betalande klientell tilbod om tannbehandling.

Klinikkstruktur

Tannhelsetenesta er organisert med sentral leing og sjølvstendige klinikkar med klinikksefjar.

Fylkeskommunen har i dag tannklinikkar i samtlege kommunar. Klinikane er delte opp i sentralklinikkar, lokalklinikkar og ambuleringsklinikkar. Totalt er det 29 klinikkar fordelt på 26 kommunar. 6 klinikkar er ambuleringsklinikkar utan fast bemanning.

I tillegg driftar fylkeskommunen saman med Helse Førde ein tannklinikk med narkosebehandling ved Førde sentralsjukehus.

Hovudformålet med desentralisert klinikkstruktur har vore at fylkeskommunen ønskjer eit tannhelsetilbod i rimeleg nærleik til prioriterte pasientar i alle kommunar. Endringane i klinikkstruktur dei seinare åra er gjort med tanke på rekruttering og stabilisering av nøkkelpersonale. Det er også gjort endringar for å nytte tannhelsepersonale meir effektivt mellom klinikane.

Konsekvensane ved reduksjon til kjernenivå

Nokre av konsekvensane ved å redusere tilbodet på tannhelsetenesta er lista opp i tabellen over. Innsparingspotensialet på 20 mill. kr er eit anslag. Synleggjering av konsekvensar ved ei omfattande endring av tannhelsetilbodet må gjerast i eit eventuelt vidare utgreiingsarbeid.

Innsparingar og tidshorisont

Kort sikt (2015-16)	Lang sikt (2017-)
1,0 mill. kr	20,0 mill. kr

På kort sikt er det mindre innsparingar som kan realiserast, i tillegg til noko fondsmidlar som kan nyttast til finansiering dei to første åra i planperioden, kan det sparast om lag 0,4 mill. kr ved å fjerne dekking av skyssutgifter for prioritert klientell.

I sak 61/10 har Fylkestinget vedteke endringar i forskrift for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane. Innsparinga vil krevje vedtak i Fylkestinget med tilråding om at skyssutgifter ikkje lenger vert dekkja og kan setjast i verk frå 1.1.2015. Konsekvensar ved å fjerne rett til dekking av skyssutgifter vil blant anna vere at prioriterte pasientar med lang reiseveg får auka utgifter til tannbehandling. Også dei pasientane som treng mange besøk og tett oppfølging frå tannklinikane vil få auka utgifter.

På lang sikt vil innsparingar i tannhelsetenesta vere knytt opp mot endringar i klinikkstruktur. Dette vil vere lengre og krevjande prosessar der vi må samhandle med arbeidstakarorganisasjonar, helseforetak, kommunar og andre samarbeidspartar.

Strukturendringar kan føre til ekstra utgifter i kortare periodar. Dette vil vere knytt opp mot å kjøpe seg ut av leigeavtalar og etablere større klinikkar. Innsparingane ligg i færre tannlegekontor og reduksjon i tal stillingar. For tilsette vil det vere naturleg å nytte naturlege avgangar og omplassering.

Tilråding

Finansutvalet tek fylkesrådmannen si utgreiing i høve tannhelsesektoren til orientering.

Fylkesrådmannen får i oppgåve å legge til rette for ei politisk vurdering av eventuelle strukturendringar på sektoren.

7.4 Oppsummering av innsparingspotensialet i hovudutvalssakene (+ dei administrative innspela på sektoren forvaltning og tannhelsetenesta)

Grunnlagsmaterialet i hovudutvalssakene vart utarbeidd før vi kjende framlegget til nytt inntektssystem, og innhaldet er såleis ikkje tilpassa dei økonomiske utfordringane vi nå står overfor. Sakene har også dels ulik utforming og ulikt presisjonsnivå. Dette er i tråd med at hovudutvala sjølve fekk velje korleis dei best skulle få fram prioriteringane på eigen sektor.

I dette punktet vil fylkesrådmannen gje ei kort oppsummering av kva innsparingspotensiale som ligg på dei ulike sektorane på kort og lang sikt, basert på dei prioriteringane som hovudutvala har uttrykt i sine vedtak. HO handsamar si prioriteringssak først 17. juni. Oppsummeringa på denne sektoren er basert på fylkesdirektøren si tilråding. Hovudutvalet sitt vedtak vert lagt fram for finansutvalet i møtet 18. juni.

Tabellen under gjev ei skjematisk framstilling av kva innsparingspotensiale som ligg i hovudutvalssakene – samt i utgreiingane i høve forvaltning og tannhelsetenesta i dette arbeidsdokumentet - om ein tek sektorane ned til definert «kjernenivå».

Sektor/kuttområde	Innsparing i 2019 (kjernenivå)	Merknader
Forvaltning	15,0	
Politisk styring Administrasjon	10,0 5,0	Reduksjonane på politisk styring baserer seg på eit fylkesting på 31 representantar. Minimumsnivået i lova er 19. Tilskotet til politiske parti er halvert, men dette er ikkje lovpålagt. Reduksjonen på administrasjon kjem i tillegg til alt vedteken reduksjon på 7,0 mill. kr. «Sektorspesifikk» administrasjon vert vurdert i samband med aktuelle innsparingstiltak på den enkelte sektor.
Opplæring	48,5	
Hordalandsavtalen Miljøkoordinator Arbeidslivkontakt Fagskuleutdanning Fagnettverk/ stimuleringstiltak Drift av landslinene Sum andre tiltak	3,6 4,3 3,9 12,3 6,1 4,4 13,9	Tiltaka i oppsettet er tiltak som kan gjennomførast utan at ein endrar skulestrukturen. Endringar i skulestrukturen utover det som alt er vedteke kan eventuelt gje større innsparingar. Tiltaka her medfører mest sannsynlig at fagskuleutdanning og landlinjene vert lagde ned.
Tannhelse	20,0	
Struktur	20,0	Nivået føreset ein reduksjon av 16 tannklinikkar.
Plan og næring	25,2	
Nyskaping Innovasjon Norge Planlegging Friluftsliv m.m Folkehelse *) Sum andre tiltak	9,0 4,7 2,6 1,1 4,1 3,7	Samla innsparing er større enn det fylkeskommunen er inne med av driftsmidlar(resten er KMD-midlar). Det er såleis berre 24 mill. kr som gjev effekt i salderingsutfordringa etter nytt IS.
Kultur	48,4	
Idrett Andre kulturaktivitetar Museum Kunstformidling	0,2 8,3 16,9 8,2	Lite på kultursektoren er lovpålagt. Ved å ta vekk alt som ikkje er lovpålagt, vil sektoren bli sterkt redusert.

Bibliotek	3,7	
Kunstproduksjon	11,1	
Samferdsle	42,2	
Drift/vedlikehald fylkesvegar	13,0	Dette er summen av alle tiltak utover det definerte kjernenivået. Innsparingane er relativt små utifrå det totale budsjettet på sektoren.
Båt	12,8	
Buss	6,5	
Ferje	4,9	
Trafikktrygging	5,0	
Sum innsparing ved kjernenivå på sektorane	199,3	

*)Ei mogleg innsparing på folkehelse ved å ta området ned til kjernenivå (til 1 stilling). Beløpet er vurdert i HPN-saka, men er ikkje teke med i oppsummeringstabellen i saka.

For dei sektorane som ikkje har lovpålagde tenester er «kjernenivået» definert som det minimumsnivået som er naudsynt for å i det heile oppretthalde aktivitet på dei ulike oppgåvene som ligg til sektoren i dag.

Av dei «ikkje lovpålagde» sektorane/tenestene er det berre kultursektoren som har presentert det absolutte kjernenivået på sektoren i si saksframstilling. Ut frå den store salderingsutfordringa vi no står overfor, kan det bli aktuelt å gjere ei ny vurdering av kjernenivået på enkelte av dei andre sektorane og.

8 SKISSERTE SEKTORRAMMER – GRUNNLAG FOR VIDARE UTGREIINGAR

8.1 På lang sikt (2017-19)

Med grunnlag i oppsummeringa over og ein %-vis fordeling av sektorløyvingane i 2014 har fylkesrådmannen laga ei skisse til fordeling av salderingsutfordringa på sektornivå på lang sikt.

Føremålet med skissa er å vise på kva nivå sektorane sine innspel til naudsynte utgreiingar på langsiktige innsparingstiltak må ligge. Skissa er lagt på den langsiktige salderingsutfordringa + 10% for å gje finansutvalet eit visst handlingsrom ved val av utgreiingsområde. Finansutvalet står fritt til å gjere om på fordelinga mellom sektorane.

I mill. kr	Potensiale skissert i hovudutv. sakene	%-vis i høve justert ramme *)	Frm si skisse
Forvaltning	15	18	17
Opplæring	49	96	88
Tannhelse	20	10	11
Plan og næring	25	5	11
Kultur	48	9	17
Samferdsle	42	110	130
Sum innsparing ved kjernenivå på sektorane	199	248	274

*) Ramma for opplæring korrigerert for alt innarbeidd nedgang som følgje av vedteken skulebruksplan. Ramma for plan og næring er korrigerert for KMD-midlane, då desse ikkje kan nyttast til å saldere budsjett med.

I tillegg er rammene korrigerert for «sektoradministrasjon» i tråd med tilrådinga i pkt 7.1 i dette dokumentet.

Vedtak som fører til redusert lånegjeld og derigjennom reduserte kapitalutgifter vil medføre tilsvarande lægre behov for sektorinnsparingar.

Vurderingar knytt til skissa:

Forvaltning: Fylkesrådmannen har lagt seg på nivå med det skisserte kjernenivået i punkt 7.1.

Grunngjevinga for å ikkje legge seg på eit høgare nivå ligg i at ramma for forvaltning alt er pålagt eit innsparingskrav på 7 mill. kr. I tillegg består sektoren av driftsbudsjetta til både den politiske verksemda, kontrollverksemda og fellesutgifter for alle sektorane. Ynskjer ein å auke kravet mot denne sektoren, bør dette gjerast i etterkant av at ein har teke stilling til kva oppgåver som vert tekne bort på sektornivå.

Opplæring: Potensialet i hovudutvalssaka viser kjernenivået utan nye endringar i skulestrukturen.

Fylkesrådmannen meiner sektoren må ta ein større del av dei langsiktige reduksjonane enn det som kjem fram av saka, og at ein ikkje kjem unna å vurdere skulestrukturen på nytt. Opplæring står for 38% av sektorløyvingane, og bør nærme seg det nivået når det gjeld utgreiingar av nye innsparingstiltak. Det må samstundes takast eit visst omsyn til at sektoren alt er pålagt innsparingar i storleiksorden 50 mill. kr som følgje av skulebruksplanen vedteken i juni 2013.

Tannhelse: Slik fylkesrådmannen har vurdert det i punkt 7.2 er det lite å hente på anna enn

strukturendringar på tannhelsesektoren. Skal det vere aktuelt å gjennomføre ei strukturendring på sektoren som gjev ei effektiv organisering og sikrar varige innsparingar, er potensialet skissert til i storleiksorden 10-12 mill. kr. Fylkesrådmannen har førebels lagt til grunn at det vert gjennomført ei slik utgreiing.

Plan og næring: Verksemda på sektoren har ei svak lovforankring i den forstand at

dimensjoneringa av oppgåver/tenester ikkje er konkretiserte, og vi kan difor i prinsippet ta bort det meste av den fylkeskommunale løyvinga på i storleiksorden 23 mill. kr. Resterande ramme vert finansiert av KMD-midlar. Desse midlane kan nyttast relativt fritt, men dei kan ikkje nyttast til saldering og ikkje til ein del av den aktiviteten sektoren utfører i plansamanheng. Slik fylkesrådmannen vurderer det går i storleiksorden 6-10 mill. kr til naudsynte aktivitetar som ikkje kan finansierast med KMD-midlar. Dette er teke omsyn til ved fastsetting av det langsiktige innsparingsbeløpet på sektoren. Aktiviteten på sektoren er også avhengig av utviklinga i løyvingane til verkemiddelapparatet, spesielt KMD-midlane og INU-midlane.

Kultur: Sektoren har få lovpålagde oppgåver, og vi kan i prinsippet nesten avvikle sektoren. Det spesielle med kultursektoren er at den genererer stor aktivitet med sine løyvingar. Dette gjer at bortfall av fylkeskommunale tilskot medfører kanskje dobbelt/tredobbelt bortfall for den organisasjonen som mottek tilskotet. Fylkesrådmannen har førebels skissert ei ramme på 17 mill. kr for utgreiing av langsiktige innsparingar på sektoren.

Samferdsle: Sektoren har den største økonomien, og har i prinsippet berre ei lovpålagd oppgåve – skuleskyss. Ut frå storleiken bør den – til liks med opplæringssektoren – ta ein stor del av innsparingsbehovet. Fylkesrådmannen har førebels lagt inn eit langsiktig beløp noko i overkant av sektoren sin %-vise del av den samla sektorøkonomien.

Hovudutvala skal no – fram mot finansutvalet i september – kome med eit framlegg til kva område som skal nærare utgreiast for å oppnå innsparingar i denne storleiksorden på lang sikt.

Utgreiingsområda skal vedtakast i desember 2014, med sikte på å gjere retningsgjevande innsparingsvedtak i økonomiplanen i juni 2015.

Tilråding

Hovudutvala får i oppdrag å kome med eit framlegg til kva område som skal nærare utgreiast for å oppnå innsparingar i storleiksorden 248 mill. kr årleg +10%. Sektorfordelinga vert som skissert i dette punktet.

Utgreiingsområda skal vedtakast som ein del av budsjettet i desember 2014, med sikte på å gjere endelege innsparingsvedtak i økonomiplanen i juni 2015.

8.2 Kort sikt (2015-16)

På kort sikt tilrår fylkesrådmannen følgjande fordeling av salderingsutfordringa på sektornivå:

	2015	2016
Salderingsutfordring før sektorinnsparingar	44	114
Forvaltning	-8	-12
Tannhelse	-3	-3
Opplæring	-3	-5
Plan og næring	-3	-5
Kultur	-3	-5
Samferdsle	-24	-84
Salderingsbalanse	0	0

Grunnlaget for denne fordelinga ligg i kva som er mogleg å realisere av innsparingar på kort sikt. Fylkesrådmannen vil her presisere at

- det på enkelte sektorar og enkelte område er lettare å gjennomføre kortsiktige tiltak enn på andre sektorar/område, og
- det ikkje nødvendigvis er slik at det er dei lågast prioriterte områda som er lettast å ta ut slike gevinstar på.

Ein del av tiltaka som kan gje salderingsvinst på kort sikt, har ikkje låg prioritet frå hovudutvala si side, men dei kan likevel bli naudsynte å i verksetje for å få balanse i budsjettet. Det er difor viktig at hovudutvala vurderer om den kortsiktige tilpassinga er reversibel, eventuelt om det er ynskjeleg å vidareføre den kortsiktige tilpassinga på permanent basis.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at vegsektoren er eit aktuelt område å nytte som salderingspost på kort sikt, i den grad vi ikkje evnar å finne andre område som kan «avlaste» denne posten.

Det er viktig å understreke at dette ikkje er eit uttrykk for ei ønska langsiktig tilpassing, men ein strategi for å få saldert budsjetttrammene fram til vi får vedteke og iverksett prioriterte langsiktige reduksjonstiltak.

Tilråding

Hovudutvala får i oppgåve å vise korleis sektoren på best mogleg måte kan tilpasse seg rammeutfordringane som skissert i tabellen i dette punktet.

Det skal synleggjerast om tiltaka er vurdert som ei kortsiktig tilpassing, eller om dei kan inngå som ein del av den langsiktige tilpassinga til nye sektorrammer.

Det må sannsynleggjerast at kortsiktige tilpassingar er reversible.

8.3 Bruk av fondsmidler for å avhjelpe salderingssituasjonen på kort sikt

Det er no vesentleg at fylkeskommunen evnar å gjere opp rekneskapen i balanse dei komande åra slik at vi ikkje skyv føre oss underskot som må løysast i tillegg til den årlege nedtrappinga av rammetilskotet.

Iverksetjing av så omfattande nedskjeringar som det her er snakk om, vil føre til omstillingskostnader på kort sikt, og til at vi enkelte år ikkje kjem heilt i mål med å realisere store nok innsparingar. Fylkesrådmannen vil tilrå at vi no reserverer overskotskapitalen på bufferfondet til å møte slike kortsiktige utfordringar.

I tillegg til grunnkapitalen på 70 mill. kr står det no ein udisponert kapital på om lag 50 mill. kr på dette fondet.

Tilråding

Tilgjengeleg overskotskapital på bufferfondet vert reservert i høve framtidige driftsutfordringar i samband med iverksetjing av langsiktige innsparingstiltak.

9 ANDRE SAKER

IKKJE OFF. – OFF. LOVA §23

9.1 Prisnivå på ny ferjekontrakt - (ikkje off §23 i off.lova)

IKKJE OFF. - SLUTT

9.2 Bokbåten

Vidare drift/avvikling av bokbåttenesta har vore tema fleire gonger både i hovudutval og fylkesting. Dette er eit av dei tiltaka det er mogeleg å få effekt av alt frå 2015, og som fylkesrådmannen vurderer som aktuelle. Den gjeldande avtalen går ut 31.08.14. Finansutvalet bør difor alt no ta stilling til om det er aktuelt å ikkje fornye denne avtalen. Dette må i så fall stadfestast av FT i oktober.

Innsparingspotensialet vil vere 0,3 mill kr i 2015 og 0,6 mill. kr på årsbasis frå 2016.

Tilråding

Finansutvalet føreset at avtalen med båteigar som drifrar bokbåten ikkje vert fornya.

9.3 Olden – Innvik - vidare prosess

Fylkesrådmannen tilrår no at siste parsell på Olden – Innvik vert teken ut av økonomiplanen.

Bakgrunn for dette ligg i fylkestinget sitt vedtak i budsjett 2014/økonomiplan 2014-17:

Dersom fylkesveg 60 i Sogn og Fjordane gjennom KVVU-prosessen for E39 mellom Skei og Ålesund, vert valt som trase for E39 eller som ein arm til E39, må det føreligge ei bindande avtale med Samferdsledepartementet om refusjon av utbyggingskostnadane for strekninga Ugla – Olden før investeringa vert sett i gang. Arbeidet vert ikkje starta opp før regjeringa har gjort vedtak om framtidig trase for E39 Skei-Ålesund.

Det endelege trasevalet er no kjent, og fylkesrådmannen reknar med at FU/finansutvalet vil ta ei drøfting på korleis denne saka no skal gripast ann andsynes statleg styresmakt.

Fylkesrådmannen kjem ikkje med tilråding/framlegg til vedtak på dette punktet.

Vedtak:

Finansutvalet

9.4 Høyangertunnelen – stoppa anbod

Med grunnlag i den store økonomiske utfordringa vi no står framfor, har fylkesrådmannen funne det rett å stoppe anbodet på Høyangertunnelen. Kostnadsoverslaget er no kome opp i 208 mill. kr og det er føresett at utbetringa skal finansierast innafor vedlikehaldsmidlane på driftsbudsjettet i 2015 og 16. Fylkesrådmannen meiner at det ikkje er forsvarleg å setje i gang dette prosjektet og binde opp så store ressursar på driftsbudsjettet på kort sikt. Drifts- og vedlikehaldsbudsjettet må i ein overgangsfase ha handlingsrom til å fungere som ein salderingspost for den øvrige drifta.

Regionvegsjefen skriv følgjande om dette:

«Ambisjonsnivå for utbetring av Høyangertunnelen vart behandla i HS-sak 2/2014. Saksframlegget oppsummerer historikk og tidlegare drøftingar. Her vert det også gjort greie for kva ambisjonsnivå Statens vegvesen vil tilrå for reparasjon av Høyangertunnelen. Dette var i saka kostnadsrekna til 200 mill. 2014- kr inkl. mva.

Etter dette har fylkesrådmannen bedt Statens vegeven vurdere kva tiltak som eit minimum må gjennomførast for at tunnelen skal vere forsvarleg å halde open for fri ferdsl. Å definere kva som er forsvarleg må avklarast i samråd med lokalt brannvesen i Høyanger kommune.

Fylkesrådmannen ber også om ei vurdering av kva økonomiske konsekvensar det vil ha å dele arbeida i fleire tidsbolkar med tilhøyrande meirkostnader knytt til rigg, byggherrekostnader, mellombels trafikkavvikling og mindre rasjonell anleggsdrift.

Første anbud ut frå HS-sak 2/14 er ferdig utarbeidd, utlysinga er signert og den var i ferd med å bli sendt ut då den vart stoppa fredag 6. juni. Dette medfører ei forseinking av prosjektet og det vil ut frå dette ikkje bli utført utbetring i Høyangertunnelen i år.

Statens vegvesen har no starta arbeidet med å vurdere om det er mogleg å få Høyangertunnelen i forsvarleg stand til eit lågare beløp enn det som går fram i sak HS 2/2014. Statens vegvesen vil forsøke å få dette gjort i løpet av august månad slik at fylkesrådmannen kan kome attende med meir informasjon om saka i september.

Statens vegvesen vil minne om at dess lenger tid det tek før ein kjem i gang med reparasjonsarbeidet, dess større vert faren for at tunnelen kan bli stengd for fri ferdsel pga. utfall av teknisk utstyr og at faren for nedfall av vassikring og stein vil auke. Statens vegvesen ber difor om at det raskast råd vert teke ei avgjer i saka for å unngå ulukke eller skade pga. at reparasjonane no vert utsett.»

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om Høyangertunnelen til vitande.

Fylkesrådmannen kjem attende med framlegg til vidare framdrift i neste møte.

9.5 Tilskot til musea i Sogn og Fjordane – auka deltaking frå kommunane

I samband med arbeidet med budsjett 2014/økonomiplan 2014-2017 vart det sett eit tak på fylkeskommunen sitt tilskot til Musea i Sogn og Fjordane på 25% av det offentlege tilskotet. I dette ligg at ein ber kommunane gå inn med samla sett 15%. Staten sin del er som før inntil 60%.

Fylkesrådmannen har følgd opp vedtaket ved formelt sett å seie opp gjeldande avtale med kommunane og musea, og i møte med Musea i Sogn og Fjordane utfordra dei til å gjennomføre forhandlingar med kommunane om ny fordelingsavtale.

Ei arbeidsgruppe oppnemnt av styret for Musea i Sogn og Fjordane har arbeid fram alternative modellar for kommunale tilskot. For å orientere om utfordringane og drøfte ulike modellar, har MiSF avtalt møte med regionråda. Det er så langt gjennomført møte med SIS-kommunane og HAFS regionråd. Møte med Nordfjordrådet er fastsett til 16.juni. Når det gjeld Sogn regionråd har det ikkje lukkast å få til dette møtet før i september.

Det har i prosessen komme opp ønskje om også å ta ei runde i KS etter at møta i regionråda er gjennomført (september). Fylkeskommunen har delteke i drøftingane rundt nye modellar, og deltek også på møta med regionråda.

SIS-kommunane tok saka oppatt på sitt møte 30. mai. Dei gjorde då vedtak om at dei ikkje aksepterer fylkeskommunen sin modell for endra fordelingsnøkkel mellom fylkeskommune og kommunane med omsyn til driftstilskot til musea i Sogn og Fjordane frå 2017, slik den no ligg føre. SiS meiner det er naturleg at vidare drøftingar om dette vert gjort direkte med fylkeskommunen, jf. vedlegg 6.

Etter fylkesrådmannen sitt syn bør møte-/orienteringsrunda som MiSF har lagt opp til gjennomførast som planlagt, inkludert drøfting i KS. Fylkesrådmannen vil halde fast på at MiSF sit i førarsetet i arbeidet med å få fram nye avtaler med kommunane om driftstilskot til musea.

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om prosessen i høve auka kommunal deltaking i høve finansiering av musea i Sogn og Fjordane til vitande.

Finansutvalet vil halde fast på at MiSF sit i førarsetet i arbeidet med å få fram nye avtaler med kommunane om driftstilskot til musea.

9.6 Dalsfjordsambandet – sluttoppgjer og rettslege krav frå NCC

Fjordane tingrett avsa dom i saka mellom NCC og fylkeskommunen den 31.juli 2013. Både NCC og fylkeskommunen har anka delar av dommen innanfor ankefristen den 15. september 2013. Anken skal handsamast i lagmannsretten i november 2014.

Fylkesrådmannen vil igjen minne om at vi her har eit stort omtvista beløp, og at det ikkje er sett av ekstra midlar for å møte dette.

Administrasjonen skal ha eit møte med Statens vegvesen og advokatane våre om saka 16.06, og fylkesrådmannen kan eventuelt orientera nærare frå dette møtet for lukka dører i finansutvalet 18.06.

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa til vitande.

9.7 Engebø – avtalar i samband med eventuell rutilutvinning

Fylkesrådmannen har ved fleire høve, seinast i arbeidsdokument 2/14, orientert om fylkeskommunen sine forpliktingar ved ei eventuell rutilutvinning i Engebøfjellet i Naustdal.

Fylkeskommunen har inngått to avtalar i 2011 slik:

1. avtale med Nordic Mining ASA om utbetring av fylkesveg – 55 mill. kr. Denne avtalen er eit vedlegg og ein føresetnad for gyldigheita av utbyggingsavtalen mellom Nordic Mining ASA og Naustdal kommune.
2. avtale med Nordic Mining ASA og kommunane Naustdal og Askvoll om inkubatoraktivitet – 15 mill. kr (søknadsbasert ordning). Løyvinga skal fordelast innafor ein 3 års periode og er føresett dekkja innafor plan og næring sine rammer.

Som opplyst i arbeidsdokument 2/14 er auka kapitalutgifter som følgje av utbetring av fylkesvegen ikkje innarbeidd i budsjett-/økonomiplanarbeidet. Plan og Næring har heller ikkje så langt avsett midlar innafor si ramme.

Desse to avtalane er ikkje tidsavgrensa. Det betyr i praksis at dei forpliktar fylkeskommunen viss rutilutvinninga vert sett i gang. Det er no gått over 3 år sidan avtalane vart inngått, og enno er det ikkje nokon avklaring på om arbeidet startar opp.

Med grunnlag i den tida som er gått samt den økonomiske situasjonen for fylkeskommunen dei komande åra vil fylkesrådmannen forsøke å gå i dialog med våre avtalepartar med det føremålet å få til ei tidsavgrensing på våre forpliktingar. Fylkesrådmannen vil starte opp dette arbeidet så raskt som mogleg med sikte på å legge fram ei sak om dette til politisk handsaming i løpet av hausten.

Tilråding:

Finansutvalet sluttar seg til at det vert arbeid med å reforhandle fylkeskommunen sine avtalar knytt til ei eventuell rutilutvinning i Engebøfjellet.

9.8 Teknisk flytting av budsjettmidlar - fylkesråda for eldre og funksjonshemma

Fylkeskommunen skal stille naudsynt sekretariatsbistand til høvesvis fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for funksjonshemma. Tidlegare har vi hatt ein fast stillingsressurs til dette og løns- og personalkostnadar er innarbeidd i budsjettet til råda.

I samband med arbeidet med fordeling av innsparingskravet på sentraladministrasjonen, samt personalmessige endringar, har fylkesrådmannen funne det tenleg å omorganisere sekretariatsfunksjonen noko. Sakshandsaming og sekretæroppgåver kan i framtida bli utført av fleire personar i sentraladministrasjonen. Det vert såleis ikkje praktisk å ha lønsmidlar knytt til dette arbeidet budsjettert på råda.

Fylkesrådmannen vil tilrå at budsjetterte løns- og personalkostnadar vert flytta frå teneste 4004 «Diverse råd og utval» til teneste 4200 «Administrasjon». Då dette er ei flytting mellom to programområde har ikkje fylkesrådmannen fullmakt til å gjere det utan politisk handsaming.

Tilråding:

Løns- og personalkostnadar knytt til sekretariatsfunksjon for fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for funksjonshemma vert flytta frå teneste 4004 «Diverse råd og utval» til teneste 4200 «Administrasjon».

9.9 Oppfølging av fylkestingsvedtak

Fylkestinget i juni viste følgjande fylkestingssaker vidare til budsjettprosessen for 2015 for endeleg avgjerd:

- Sak 12/14: Tilbod om IB som eit samarbeid mellom SFFK og UWC
- Sak 13/14: Fagskulen i Sogn og Fjordane – avklaring av ansvar og mynde, økonomiske rammer og bygningsmessige tilhøve.
- Sak 14/14: Investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule

Fylkesrådmannen vil følgje opp sakene i tråd med fylkestinget sine vedtak i dei respektive sakene.

Tilråding

Finansutvalet føreset at fylkesrådmannen følgjer opp fylkestinget sine vedtak i sakene 12,13 og 14/14 i det vidare arbeidet med budsjettet for 2015.

10 VIDARE ARBEID

I tråd med revidert arbeidsplan vert det no lagt opp til at hovudutvala i september handsamar detaljbudsjettet for 2015, og skisserer kva utgreiingsoppgåver som er aktuelle med tanke på naudsynte langsiktige innsparingar.

Med grunnlag i desse innspela skal finansutvalet i september ta stilling til endeleg fordeling av innsparingskrava i 2015 og 16, samt ta stilling til kva tiltak som skal utgreiast med sikte på endeleg vedtak i økonomiplanen i juni 2015.

Det må elles leggst til rette for vidare politisk påverknadsarbeid med sikte på å redusere det samla tapet som følgje av nytt inntektssystem mest mogleg.

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Eli Nes Killingrød
økonomisjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Kompensasjonsmidlar for høg arbeidsgjevaravgift – fylkesrådmannen si oppfølging
2. HO-sak 18/14 – Sektorprioritering (saksutgreiing)
3. HPN-sak 45/14 – Sektorprioritering (saksutgreiing og saksprotokoll)
4. HS-sak 29/14 – Sektorprioritering (saksutgreiing og saksprotokoll)
5. HK-sak 30/14 – Sektorprioritering (saksutgreiing og saksprotokoll)
6. SIS-kommunane – Endring av fordelingsnøklar mellom fylkeskommunen og kommunane om driftstilskot til musea i Sogn og Fjordane

Kopi til:

Fylkestinget
Fylkesrådmannen si leiargruppe
Budsjettgruppa